

<b>Kva:</b>	Møte nr. 15 i Skikrinsstyret 2023-2025
<b>Tidspunkt:</b>	Torsdag 03. oktober 2024, kl. 20:00-21:30
<b>Stad:</b>	Digitalt via Microsoft Teams
<b>Sakliste:</b>	<p>REFRATSAKER</p> <p>SAK 111 23-25 Godkjenning av innkalling og sakliste</p> <p>SAK 112 23-25 Godkjenning av protokoll nr. 14 23-25 Skikrinsstyret</p> <p>SAK 113 23-25 Runde rundt bordet</p> <p>SAK 114 23-25 Referat aktuell saker frå NSF</p> <p>DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER</p> <p>SAK 115 23-25 Rammeprogram for Haustmøte 27. oktober 2024</p> <p>SAK 116 23-25 Nytt styremedlem</p> <p>SAK 117 23-25 Kjøp av bil</p> <p>SAK 118 23-25 Møteplan 2024-2025 (VM i Trondheim)</p> <p>RAPPORTERINGSSAKER</p> <p>SAK 119 23-25 Rekneskapsrapport pr. 25.09.2024</p> <p>EVENTUELT</p>
<b>Til stades:</b>	Jorunn Åsfrid Røyrvik, Tonje Norheim Tangerud, Anders Engeland, Jon Ove Lomheim, Hans Christian Amundsen, Tor Arne Hov, Roger Ellingsund, og Kennet Dvergedal (adm.)
<b>Forfall:</b>	
<b>Referent:</b>	Kennet Dvergedal

## REFRATSAKER

### SAK 111 23-25

#### Godkjenning av innkalling og sakliste

##### Bakgrunn

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

##### VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

### SAK 112 23-25

#### Godkjenning av protokoll nr. 14 23-25 Skikrinsstyret

##### Bakgrunn

Protokoll frå styremøte nr. 14 23-25 er sendt ut tidlegare og godkjent elektronisk. Protokollen er også vedlagt.

##### VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 14 23-25.



**SAK 113 23-25**      **Runde rundt bordet**  
**Bakgrunn**

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

**SAK 114 23-25**      **Referat aktuelle saker frå NSF**  
**Bakgrunn**

Styreleiar og adm. sjef orienterer om aktuelle saker frå Norges Skiforbund etter fellesmøte som er planlagt onsdag 2. oktober.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

**DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

**SAK 115 23-25**      **Rammeprogram for Haustmøte 27. oktober 2024**  
**Bakgrunn**

Sogn og Fjordane Skikrins sitt haustmøte vert avvikla samband med Idrettens Møteplass, søndag 27. oktober 2024, i Førde.

Rammeprogram:

Kl. 09.30-10.00	Registrering
Kl. 10.00	Fellesforedrag
Kl. 12.00	Lunsj
Kl. 13.00-16.00	Haustmøtet Sogn og Fjordane Skikrins
-	alpint
-	langrenn
-	hopp og kombinert

Parallelt er det ei tverridrettsleg treningssamling for ungdom i alderen 12-16 år.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret gjer vedtak om følgjande rammeprogram til Skikrinsen sine haustmøter:

kl. 13:00-13:30	Fellesdel
kl. 13:45-16:00	Greinvise fagmøter
-	alpint
-	langrenn
-	hopp og kombinert



SAK 116 23-25

## Nytt styremedlem

### Bakgrunn

Hilde Katrine Engeli har vald å seie frå seg sitt verv som styremedlem i skikrinsen. Valkomiteen er engasjert i saka, og er samde om at varamedlem tek over vervet fram til Skikrinstinget i 2025.

### VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om at varamedlem Hans Christian Amundsen tek over vervet som styremedlem ut tingperioden.

SAK 117 23-25

## Kjøp av bil

### Bakgrunn

Viser til vedtak i SAK 108 23-25 i Skikrinsstyret:

*«Skikrinsstyret gjer vedtak om å kjøpe ein varebil med kostnadsramme på om lag kr. 200 000,-. I høve behov frå rekrutteringsutvalet og skiklubbutviklar er målsetjinga å kjøpe bil seinast i utgangen av august.*

*Adm. sjef og aktuelle styremedlemmar følgjer opp.»*

I samband med oppfølging av dette vedtaket er det behov for å auke kostnadsramma til kjøp av varebil til om lag kr. 325 000,-.

Det er elles verdt å merke seg at skikrinsen allereie har henta inn to samarbeidspartnarar, på langtidsavtale, som får logo på bilen.

### VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om å auka kostnadsramma til kjøp av kassebil til om lag kr. 325 000,-.

SAK 118 23-25

## Møteplan

### Bakgrunn

### VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om følgjande møteplan:

- Styreseminar laurdag 26. oktober og søndag 27. oktober, Førde
- Styremøte 2. desember, Skei
- Styreseminar i samband med VM, 26. februar-2. mars, Trondheim



## RAPPORTERINGSSAKER

SAK 119 23-25      **Rekneskapsrapport pr. 25.09.2024**

### Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 25.09.2024 ligg vedlagt. Adm. sjef legg fram rapporten i møtet.

Nøkkeltal:

SFSK Driftsinnt. totalt	SFSK Driftskost. totalt	SFSK resultat
Kr. 1 835 372	Kr. -1 768 204	Kr. 67 168
AU Driftsinnt. totalt	AU Driftskost. totalt	AU resultat
Kr. 776 786	Kr. -726 662	Kr. 50 124
AK Driftsinnt. totalt	AK Driftskost. totalt	AK resultat
Kr 134 495	Kr. -319 018	Kr. -184 523
HKK Driftsinnt. totalt	HKK Driftskost. totalt	HKK Resultat
Kr. 125 396	Kr. -14 658	Kr. 110 738
LK Driftsinnt. totalt	LK Driftskost. totalt	LK Resultat
Kr. 798 695	Kr. -707 866	Kr. 90 829

Eigenkapital pr. 31.12.2023:

- Eigenkapital AU:	kr. 1 027 465,-
- Eigenkapital alpint:	kr. 805 995,-
- Eigenkapital hopp/kombinert:	kr. 103 417,-
- Eigenkapital langrenn:	kr. 435 250,-

### VEDTAK

Skikrinsstyret tek rapporten til orientering. Vidare gjer skikrinsstyret vedtak om å følge opp bruk og krav til eigenkapital for greinkomiteane og AU.

### EVENTUELT

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Jorunn Åsfrid Røyrvik (s)  
Leiar

Kennet Dvergedal (s)  
Adm. sjef